



# For auka elevengasjement i KRLE 8–10

NYNORSK JANUAR | 2019

## Religiøst mangfald

**Tid:** ca. ein skoletime

**Utstyr:** Blyant og papir eller PC

### KOMPETANSEMÅL:

- vise evne til dialog om religions- og livssynsspørsmål og vise respekt for ulike religionar og livssyn
- diskutere aktuelle spørsmål som oppstår i møte mellom religion, kultur og samfunn



### Til lærar

Før de begynner, kan de snakke i klassen om positive og negative tankar:

- Er det alltid viktig å tenkje positivt? Kan det av og til vere ein fordel å tenkje negativt?
- Har måten vi tenkjer på, konsekvensar for korleis det går med oss i livet? osv.

Les dei to tekstane til Shakti Gawain, og be elevane skrive stikkord og diskutere oppgåvene i par. Gå gjennom svara i plenum.

Om de får tid: Les oppgåveteksten i oppgåve 3 for klassen, og diskuter.



*Store spørsmål*  
– fordjupning og forståing i KRLE



## Positiv tenking

Den amerikanske forfattere Shakti Gawain skreiv i 1978 boka *Creative Visualization*. Boka vart ein stor suksess innan alternativrørsla. Boka handlar om måten vi tenkjer på:

### Form følgjer idé

*Ein tanke eller idé kjem oftast før verkeleggjinga. Tanken «Eg trur eg skal lage middag» kjem før måltidet blir laga til. «Eg har lyst på ein ny kjole» kjem før du går ut og kjøper ein. «Eg treng ein jobb» kjem før du begynner å leite, osv.*

### Utstrålings- og tiltrekkingslova

*Når vi er negative og engstelege, usikre og bekymra, tiltrekkjer vi oss nettopp dei opplevingane vi prøver å unngå. Viss vi har ei grunnleggjande positiv haldning og forventar og ser for oss nyting, tilfredsstilling og lykke, har vi ein tendens til å tiltrekkje oss menneske og skape situasjonar og hendingar som svarer til dei positive forventningane våre. Dermed kan vi få hjelp til å manifestere det vi ønskjer oss i livet, ved bevisst å sjå det for oss.*

(Frå Shakti Gawain: *Kreativ visualisering*, 1978, på norsk 1997)

**Ordforklaring:** manifestere – å bli verkelig

### Oppgåver:

- 1 Formuler med eigne ord det du trur Shakti Gawain vil ha fram.
- 2 Kva meiner du om at tankane former handlingar? Har du eksempel på at positiv (eller negativ) tenking har påverka korleis ein løyser ein bestemt situasjon?



## DISKUSJONSOPPGÅVE:

Den amerikanske forfatteren Barbara Ehrenreich meiner at ideen om positiv tenking er svært utbreidd i USA, og at det har negative konsekvensar.

I arbeidslivet ser ein gjerne ned på folk som kjem med nyttige, men negative innvendingar. For eksempel kan kommentarar om at eit prosjekt kan vere farleg eller altfor kostbart oppfattast som negativt. .

Nokon hevdar at innstillinga eller haldningane ein har, er avgjerande for korleis ein oppfattar ein situasjon eller løyser ei utfordring. For eksempel er det liten vits å kjempe for eit godt helsestell og gode trygdeordningar viss det i røynda er di eiga tenking som gjer deg sjuk og fattig.

Andre peikar på at det kan vere ei ekstra påkjenning for ein alvorleg sjuk person dersom folk meiner at han eller ho sjølv eigentleg er ansvarleg for sjukdommen.

Kva meiner de? Er det bra eller dårleg med positiv tenking?